

KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**  
Nr. 16 Mai 1994 5.årg. **HISTORIELAG**

## 125 nye utvandrarar frå Hjartdalsbygdene oppdaga

Alf Mostue kunne til årsmøtet presentere lister over utvandrarane frå Hjartdal i 1860 og 61. Dette var personar som vi ikkje har hatt i tidlegare lister. Særleg våren 1861 var det ein stor flokk som drog.

Presten - Carl Andreas Lexow har registrert 96 personar for utflytting i april det året.

Utfrå amerikansk historie veit vi at desse kom fram til eit USA med både indianaropprør og borgarkrig. (Sjå side 5)

### **INNHALD:**

- s.2 Medlemsskap og kontingent
- s.3 Tur til Tuddal
- s.4 Referat frå Årsmøtet
- s.5 Nye utvandrarlistar frå Hjartdal
- s.8 Korleis går det med kultursoga?
- s.9 Kulturarven i Hjartdal
- s.11 Namn i nærleiken
- s.12 Det nykonstituerte styret

*Nytt styre!  
Sjå side 12!*

# Medlemskap og kontingent

Etter at vi har fått så mange medlemmer etter vervinga i 1992 vil vi gjerne behalde desse for framtida. Nå er det tid for å betale medlemspengane for 1994. Det gjer du med bankgiroen som ligg ved bladet. **Hugs for all del å skrive namnet ditt på giroen!** (Det er 7-8 personar som aldri har høyrte frå laget sjølv om dei har betalt, pga at dei har gløymt dette) Kontingenten for 1994 er framleis bare 30 kroner for vanlege medlemmer og 10 kroner for ungdom under utdanning.

Vi sender dette nummeret av bladet også ut til ein del som vi godt kan tenke oss å ha som medlemmer. Desse får ta det som eit tilbod og gjere som dei vil med betalinga. Dette gjeld også ein del tidlegare medlemmer som med dette får ein ny sjans. Elles kan vi nemne at vi med vilje har vore litt "trege" med å stryke gamle medlemmer, sjølv om dei ikkje har betalt dei siste kontingentane.


Det hadde vore greitt om folk som ikkje lenger ønsker å vere medlemmer sa opp medlemskapet sitt. Dermed trong vi ikkje mase meir etter kontingenten. Masinga

gjer vi av di det viser seg at dei fleste som ikkje betaler, berre gløymer seg, og ønsker å fortsetje som medlemmer.

Ei annan sak som kan vere greitt å ordne opp i er "familiemedlemskap". Vi har inga spesiell ordning for dette, men vi har nokon som oppgir *m/fam.* på innbetalingslappen. Andre betaler dobbel medlemsavgift ved at både mann og kone betaler for seg. Dermed får dei også dobbelt opp med kontaktblad. For å få ein lik praksis i dette ber vi dykk nå i staden for å skrive *m/fam.* skrive to namn på lappen. F.eks. *Kari og Per Olsen.* Dette kan de gjere og likevel betale ei enkel medlemsavgift og få

eitt blad. Begge får også tilgang til samlinga. (Sjølvsagt kan ein betale meir i medlemsavgift om ein ønsker å stø laget ekstra). Dersom barn skal vere medlemmer får dei eige medlemskap (og eige blad)

for berre 10 kr dersom dei er under utdanning. Etterkvart har fleire nytta seg av HHL-samlinga til sær oppgåver mv, så frå nå av synest vi at dei skal betale dette medlemskapet når dei får slik hjelp.



**"Kilden"** : Nytt medlemsblad for Notodden Historielag

*Omsider har Notodden Historielag kome etter og fått igang eit medlemsblad.*

*Vi anbefaler gjerne hjartdolar å melde seg inn i NHL. Det kostar ein hundrelapp, men for dette får ein i tillegg til medlemsbladet Kilden også ei ganske stor årbok kvar jul, med mykje interessant stoff frå bygdene i nabokommunen og fra byen som også hjartdalsbygdene har vore sterkt knytt til.*

## Bli med til Tuddal fredag 3. juni

Vårens arrangement frå historielaget si side er ein tur med omvisning på Bygdetunet i Tuddal. Dette kan høyrast ut som ein litt for sjølsagt ting å arrangere. Men det har ofte vist seg at dei næraste severdighetane kan vere dei siste som blir besøkt. Vi er sikre på at det er mange - til og med av historielagsmedlemmene som enda har til gode å få ein skikkeleg omvisning på Bygdetunet. Der har gjennom tida blitt samla ei mengd gamle bygningar frå Tuddal, og Ivar Dahl skal ta oss med gjennom mange av desse.

Vi har blitt lova kaffe og litt å bite



i av tuddølane, og litt program elles kan det også bli, i tillegg til den reint faglege omvisninga. Dersom Knut Buen er heime, kan

vi også ta ein tur i dei nye anlegga hans. Kvifor ikkje gjere ein bok- eller musikkhandel med Knut.

Vi satsar på å køyre privatbilar, men vi slår oss saman og køyrer i lag og

deler på bilutgiftene. Hjartdølane kan møte ved kyrkja kl. 17.00 eller ved Gvammen kl. 17.10 med eller utan bil, og saulendingane på Saulandtunet kl. 17.30.

Dei som vil kan sjølsagt komme seg fram som dei vil på eiga hand og møte på Bygdetunet kl. 18.00

# Referat frå Årsmøtet i Hjartdal Historielag 22. april 1994

TILSTADES: 11 personar.

MØTELEIAR: Torkel Hytta  
Innkalling var sendt alle medlemmer i  
form av Kontaktblad nr.15.

Saker.:

5/1993 ÅRSMELDING:

Godkjent. I tillegg til årsmeldinga i  
bladet orienterte formannen om kultur-  
sogesaka.

6/1993 REGNSKAP:

Regnskapet blei godkjent. Revidert av  
Helge Granlund

7/1993 VALG:

Valgkomitèens forslag blei vedatt ved  
akklamasjon:

Styre:

Torkel Hytta (Formann)(Gjenvalgt)

Torkel Tjønn (ny)

Leif Skoje (På valg neste år)

Hans Skeie (Gjenvalgt)

Ivar T.Dahl (På valg neste år)

Astrid Nirisrud Våle (På valg neste år)

Vara:

Astrid Espelid (Gjenvalgt)

Anne Tone Larsen (Gjenvalgt)

Valgkomite:

Aslaug Hytta (Formann ?)

Ola H. Særsland ??

(Tredje medlem kan valgkomiteen  
skaffe sjølv)

Revisor:

Styret vil be Helge Granlund om å  
fortsette.

Endeleg konstituering foregår på  
1.styremøte.

Formannen er valgt av årsmøtet.

8/1993 EVENTUELT

Ivar Dahl har vendt seg til styret med  
eit brev som med utgangspunkt i  
arvesaka på Sud Åbø tek for seg det  
stadige tapet av kulturminne som byg-  
dene våre opplever ved salg.

Brevet blei lese opp, og saka uformelt  
diskutert. HHL vil prøve i eit samarbeid  
først og fremst med Hjartdal Mu-  
seumslag og kommunen, å ta  
initiativ til at Sud Åbø kan bli teke vare  
på, gjerne som eit velutstyrt  
"bygdetun" for Hjartdal.

9/1993 FEST / KULTURKVELD

Kvelden gjekk etter programmet: Anne  
Haugen Wagn tok for seg temaet  
jordbrukspolitikken i Hjartdal under  
krigen, med utgangspunkt i si nye  
hovudoppgave.

Raulandstudentane (Anne Hytta frå  
Sauland) og Kristian Borlaug (frå  
Ringerike) underheldt med  
hardingfelespel av høg klasse.

Etter kaffien tok Ivar Dahl oss med på  
ei omfattande reise gjennom Tuddals-  
kulturen ved hjelp av lysbilder og eigne  
kommentarar

Programleiar var formannen Torkel  
Hytta.

Ein kunne ønskt seg betre oppmøte,  
men dei ca. 20 deltakarane såg ut til å  
vere fornøgde med arrangementet.

Torkel Hytta (Formann)  
Leif Skoje (Sekretær)

# UTVANDRA HJARTDØLAR 1860-61

## (Avskrift frå kyrkjebøker ved Alf Mostue - 1994)

*I utvandrарlistene som blei trykte i "...for at finde en blidere Skjebne", boka om utvandringa frå Hjartdalsbygdene, manglar namna for 1860-61. Nå har Alf Mostue klart å finne desse i kyrkjebøkene.*

*Har du ikkje skaffa utvandringsboka, kan ho framleis kjøpast svært rimeleg frå Hjartdal Historielag som har overtatt eit lite restopplag. (30 kr)*

	<b>Fødd</b>	<b>Utvandra</b>
ØRGER OLSEN HYTTA	6.1.1838	8.3.1860
STENER JOHNSEN BEKHUS (EGDERUD)	23.8.1829	4.4.1860
HUSTRU SAAVE OLSDATTER	25.6.1831	
BARN: ASLAUG	24.11.1831	
JOHN	28.8.1854	
ANNE	21.6.1857	
AMBJØRG	10.10.1859	
NIRI GRIMARSON NORDBØ	21.10.1803	7.4.1860
HUSTRU BERGIT HARALDSDATTER	15.8.1807	
BARN: MARGIT	17.9.1839	
OLE	21.7.1842	
SØREN	7.3.1846	
ANNE	15.1.1850	
GRIMAR	2.5.1854	
OLE SVENDSEN HØGETVEIT	20.1.1831	9.4.1860
HUSTRU GUNHILD ELLINGSDATTER	14.9.1829	
BARN: RAGNHILD	21.10.1857	
OLE HANSEN HYTTA	14.10.1801	10.4.1860
HUSTRU GUNHILD ELLINGSDATTER	14.9.1829	
BARN: HANS	21.3.1826	
RAGNHILD	26.2.1841	
INGEBORG	2.5.1845	
OLE JOHANNESSEN FLADLAND	9.6.1822	10.4.1860
HUSTRU ASLAUG HARALDSDATTER	25.7.1815	
BARN: JOHANNES	9.10.1843	
HARALD	9.9.1846	
JOHN	21.8.1849	
CHRISTIAN	24.8.1852	
OLE	10.7.1855	
OLE HALVORSEN	28.9.1787	21.2.1861
HUSTRU MARGIT HALVORSDATTER	19.3.1789	
ENKE RAGNHILD OLSDTR. LANDSVERK	22.8.1798	2.4.1861
BARN: RØNNAUG OLSDATTER	30.11.1830	
ANNE	25.5.1833	
BERGIT	22.9.1842	



HANS GULLIKSEN ØRVELLA	21.8.1815	3.4.1861
HUSTRU ASLAUG GREGERSDATTER	?	
BARN: ASLAUG	15.10.1843	
HANS	22.6.1845	
SIGNE	6.3.1847	
GULLIK	21.6.1849	
GREGAR	18.6.1851	
TONE	20.3.1853	
JOHANNES	11.2.1855	
OLE	9.5.1857	
GUNHILD	10.2.1860	
TOR OLSEN GJUV	9.3.1833	3.4.1861
HUSTRU INGERID ØLSDATTER	26.3.1829	
BARN: INGEBORG	19.3.1853	
ASLAUG	10.9.1855	
OLE	30.1.1858	
MARGIT	23.9.1860	
MARI HANSDATTER LISTUL	27.3.1837	3.4.1861
OLE KITTELSEN LISTUL	25.10.1816	3.4.1861
HUSTRU HELGA ØLSDATTER	26.9.1825	
BARN: OLE	22.7.1847	
ANDERS	31.8.1849	
KITTEL	7.9.1851	
HANS	15.9.1855	
SIGNE	18.9.1858	
OLE NILSEN LANDSVERK (ENKEMANN)	9.9.1818	3.4.1861
BARN: JOHN	10.2.1846	
OLE	19.9.1847	
ASLAUG	11.10.1851	
OLE LARSEN LOFTHUS	2.10.1840	4.4.1861
ASLAUG SONDRESDATTER SKÅRDAL	1818 ( <i>Mannen reist før</i> )	4.4.1861
BARN: SVEINUNG	17.1.1853	
OLE	13.9.1855	
GRIMAR HALVORSEN ØVERBØ	12.12.1838	5.4.1861
ANUND HANSEN HOVDE	15.12.1816	5.4.1861
ANNE HANSDATTER RUI	14.1.1838	5.4.1861
SONNEV HANSDATTER RUI	29.3.1839	5.4.1861
HARALD INGEBRETSEN KRINGLEHAUG	9.2.1830	6.4.1861
HUSTRU MARGIT KITTELSDATTER	20.9.1823	
BARN: AASTE	13.6.1856	
OLE	10.5.1858	
KITTEL	14.11.1860	
HALVOR GULLIKSEN SÆLEBODSMOEN	4.7.1810	6.4.1861
HUSTRU RAGNHILD ANUNSDATTER	5.7.1813	
BARN: INGEBJØRG	11.10.1845	
ASLAUG	29.6.1849	
GULLIK	8.1.1852	
LIV	10.8.1855	
ANNE	25.11.1858	



SVEINUNG OLSEN HAUGEN	6.5.1810	6.4.1861
HUSTRU GUNHILD HANSDATTER	19.12.1808	
BARN: ASLAUG	9.11.1835	
INGEBORG	17.1.1840	
RAGNHILD	31.10.1845	
RØNNAUG	21.3.1849	
OLE	8.10.1852	
THOR SIGURDSEN KAASASTUL	7.1.1838	6.4.1861
HUSTRU INGERID OLSDATTER	9.10.1838	
BARN: ANNE	31.12.1860	
MARGIT OLSDATTER LONA	30.10.1834	6.4.1861
TORBJØRN KITTILSEN BØ	29.2.1835	6.4.1861
TORSTEN HALVORSEN GREVEJORD	17.7.1825	6.4.1861
HALVOR HALVORSEN SOLEM	20.6.1835	8.4.1861
KITTIL KITTILSEN LIE	21.11.1839	8.4.1861
GRO KITTILSDATTER LIE	21.10.1833	8.4.1861
KITTIL JOHNSEN GROTEM	29.12.1827	9.4.1861
HUSTRU BERGIT LARSDATTER	21.11.1818	
BARN: MARGIT	18.5.1858	
TORSTEN SIGURDSEN HOVDE	23.2.1820	9.4.1861
HUSTRU GRO HALVORSDATTER	24.3.1829	
BARN: HALVOR	29.8.1858	
ASLAUG	22.1.1860	
RAGNHILD HALVORSDT. SÆLEBODSMOEN	8.9.1843	9.4.1861
OLE ANUNDSSEN BERGE	9.3.1811	10.4.1861
HUSTRU RAGNHILD ELLINGSDATTER	30.6.1818	
BARN: INGEBOG	6.2.1838	
ANUND	5.9.1840	
HELGA	9.9.1843	
ANNE	9.9.1846	
ASLAUG	26.10.1849	
HARALD	18.9.1855	
RAGNHILD	19.6.1859	
HANS SVENDSEN BERGSTUEN	3.1.1821	13.4.1861
HUSTRU BERGIT OLSDATTER	29.5.1827	
BARN: OLE	17.6.1864	
HANS	12.9.1858	
LIV	1.10.1856	
SVEND	1.9.1860	
BERGIT TOVSDATTER BERGSTUEN (ENKE)	9.2.1788	13.4.1861
MARGIT JOHANNESDATTER BERGSTUEN	10.3.1839	13.4.1861



# Korleis går det med "kultursoga" ?

HHL har hatt kontakt med kommunen om kultursoga, og vil her klargjere korleis saka står idag:

Det er ikkje noko vedtak gjort om skriving av generell kultursoge for Hjartdalsbygdene. Det er gards- og ættesoge som det er satsa på, og dette arbeidet vil i løpet av eit par år vere i mål. Interesse for kultursogearbeidet er tilstades, men økonomien er ikkje slik at eit så stort arbeid kan setjast i gang frå kommunens side med det første.

Kulturkontoret har likevel arbeidd ein del med saka, og skissert eit opplegg som går ut på at ein ved stønad frå kommunen og banken vil kunne vere i stand til å gje ut ei kultursoge i form av årlege mindre bøker som tar for seg ulike tema i kulturhistoria. Her rek- nar ein med å ha profesjonell hjelp til redigering og truleg ein del av skrivinga, men at ein god del arbeid også må gjerast på frivillig basis.

Vi har dermed eit valg mellom ei slik årbok/kultursoge som ein kan komme igang med med det første, og ei meir heilhetleg kultursoge på full profesjonell

basis, men som ein i allefall ikkje kan rekne med at blir på- begynt før etter gards- og ætte- soga er ferdig.

Vi hører gjerne synspunkt på dette.

Men det som er viktigast av alt er at det blir skaffa stoff til dette arbeidet.

Levande kjelder blir borte heile tida. Så har du mulighet til å vere med på å skrive ned ting du veit sjølv eller snakke med eldre folk om livet i tidlegare tider, så set endeleg i gang med dette. Vil du sleppe å skrive, så har vi bandopptakarutstyr til ut- lån nett til slikt bruk. Vi legg gjerne stoffet til side øyremerk- til kultursoga inntil det er av- klart med denne. Elles er vi også interessert i alt som kan vere i HHL-samlinga til vanleg bruk for medlemmene.





# Kan vi gjere ein innsats for å ta vare på kulturarven i Hjartdal ?

*Som ein ser av årsmøtoreferatet, har Ivar Dahl gjennom historielaget tatt eit initiativ for å reise debatten om korleis ein betre kan ta vare på kulturminne i bygdene våre. Etter dette har brevet nedanfor blitt sendt kommunen for å auke merksemda omkring dette, og for å gje råd om korleis ein kan betre situasjonen. Brevet er også brukt som lesarinnlegg i lokalavisa (Telen).*

Få bygder i Norge må ha hatt slik rikdom og evne for kunsthåndverk som Hjartdal. Dei mange praktfulle lofta, sansen for proporsjonar og tilpasning til terreng og natur var lenge kjenneteiknet på byggeskikken i bygdene våre. Også i husbunad (innreiing) kan bygdene syne til kunsthåndverk av ypperste klasse. Den daglege bruken, og særleg høgtidsbruken gav folket her ein historisk trygghet og stolthet som er telebondens odelsmerke. Dette kallast i lag identitet, og er viktig som grunnmur når ein vel å ha bygda som buplassen sin.

Men kva er i ferd med å skje med denne delen av kulturarven vår?

Som ein følgje av at bruken, og dermed haldninga til desse tinga har endra seg, har dessverre også mange kvitta seg med det meste. Nye generasjonar som kjem til ein gard vil i mange høve oppleve at husa er skrikande tome. Berre ramma stend att. Mykje av det som skulle gjere

garden til ein heim, til skilnad fra eit husvære, er dermed borte.

Ein opplever idag ein voldsom interesse og spekulasjon for «bondeantikvitetar». Oppkjøparar «støvsugar» bygdene og auksjonsforretningar gjer pengar på at arvingar ikkje blir einige. I dei same forretningar har ein fleire gonger funne att tjuvegods som er forsøkt omsett der.

Det synes vere eit mønster at der gardar vert teken på odel, særleg av fjerne slektningar, havnar ofte buet i Skifteretten, og det blir auksjon. Garden tømast for laust og tildels fast inventar, som eigentleg ikkje kan fjernast. Ein har og merkt seg at det er stor uvitenhet og mangel på kunnskap om arveskifte blant særleg eldre og einslege folk. For mange er dette eit stort og aukande problem etter som alder og år skrid på. Ofte gjev dette seg utslag i endra åtferd. Tungsinn, mistenksomhet, pessimisme, er kjenneteikn på at dagane kan vere tunge. Framtida

for garden, busetjinga og det som alltid har høyrte garden til går ein uviss skjebne i møte.

Hjartdal Historielag tek no eit initiativ og ber Hjartdal kommune setje denne realiteten på dagsorden, ha ei haldning til dette.

Konkret vil ein rå til at ein gjennom ein av kommunens etatar etablerar ei fagleg og juridisk hjelp for folk særleg ved arveskifte. Ein trur at dei fleste gjerne vil planleggje dette i god tid, men ein veit at det ofte er vanskelege ting å prate om. Ved å yte slik hjelp er det viktig at gardens totale framtidige forvaltning blir teken omsyn til. Også dei kulturhistoriske verdiar og dei klenodier som naturleg høyrer garden til, og som nye generasjonar også vil få eit ansvar for.

Her ligg såleis innebygd eit forvaltningsansvar også for denne delen av garden for den nye eigaren. Dette er ærefrykt for dei som la grunnlaget og bygde landet.


Hjartdal Historielag vil gjerne vere ein samarbeidspartnar i slike saker. Ved å få til gode løysingar vil ein kunne demme opp for den tapping og uttømming av denne delen av kulturarven ein idag ser.

Det er eit fattig folk som mister historia si, og ein er redd for at framtida vil døme oss for at vi selde arvesølvvet vårt.

**Sauland den 30. april 1994**  
**For Hjartdal Historielag**

**Torkel Hytta - leiar**  
**Ivar T. Dahl n.leiar**

## Hjelp til med HHL-samlinga I




Har du litt tid til overs som du kunne tenke deg å bruke til dugnadsinnsats for historielaget, så vil vi gjerne høyre frå deg. Vi treng eit par personar til kopiering av gamle skriv - avisutklipp mv. som vi skal ha i samlinga vår. Vi plar få låne kopieringsmaskin på

kommunehuset til slikt arbeid, men det krevst ein del tid til klipping, liming og ordning i tillegg til sjølve kopieringa.

Vi treng også hjelp til stifting og brekking av kontaktbladet.

Kunne du tenke deg dette, så ta kontakt med sekretæren (Tlf.: 350-23011). Du får sjølvsagt forklaring på korleis arbeidet skal gjerast.





## DATIV

I dag skal vi ikkje ta for oss eit enkelt namn og forklare det, vi skal helle klargjere eit språkhistorisk/grammatisk fenomen, nemlig dativ. Dette kan forklarast som ei eigen form (eit eige kasus) av substantivet (namnordet). Dativ har gått ut av bruk i moderne norsk, men er i bruk i ein del dialektar (ikkje i Telemark?). I mange andre språk f.eks tysk, er dativ eit viktig innslag.

Dativforma har vi likevel restar etter i nokre stadnam i bygdene våre, og vi må gå til gammalnorsken for å klargjere kva dette er.

Gammalnorsk, eller norrønt mål, var vanlig i bruk i Norden frå ca år 700 til 1300-talet. Svartedauden tok knekken på mange av dei lærde (prestane og munkane) som beherska å skrive dette språket, og eit nyare norsk språk (mellomnorsk) tok til å utvikle seg.

Gammalnorsken mangla det vel-

utbygde systemet med preposisjonar (*på, til i, av* osv) som vi har idag. F.eks. måtte dei bruke preposisjonen *i* både i vår moderne tyding, men det betydde også *til* eller *ved* mv. For å skilje meininga måtte dei variere substantivet som kom etter.

Her kjem dei ulike kasus inn. F.eks.: Dersom ein Hjartdøl i år 900 sa *i skogr*, så meinte han *til skogen*, altså at han bevega seg i

retning skogen. Skulle han derimot uttrykke at han var i skogen - altså oppheldt seg der meir i ro, så måtte han bruke samme preposisjonen - *i*, men til gjengjeld måtte han seie *i skogi*, og med *-i* på slutten av sub-

stantivet, blei det klart uttrykt at han var plassert i skogen.

Det er denne siste forma som er dativ. Dermed ser vi at dette forklarer ein del stadnamn heromkring. *I*-endinga i substantivet har med tida blitt "slitt ned" til *-e*. Men dette er likevel bak-



grunnen til namn som Fosse, Berge, Skoje (Skoje), Rinde og mange andre namn elles i landet. Det er interessant med slitasjen på -i-en. Det kan vere eit ganske nytt fenomen. Eg meiner å hugse at eldre folk i min ungdom uttalde i allefall Skoje nærmast med ein *i* på slutten av ordet, medan det i skriftleg form aldri har blitt skreve med anna enn *e*. I USA lever det 2.-generasjons nordmenn som er fødde Skoje. Og deira uttale av namnet er tydeleg Skoji den dag i dag, og dei har vore upåverka av den norske

talemålsutviklinga dei siste 90 åra.

Skal vi så oversetje desse *-e-*namna til moderne norsk så må det bli “ved fossen”, “i skogen” “under berget” osv. I Sauland må vi tru at desse er av dei aller eldste gardsnamna. Men truleg er det Bø som er den eldste garden sidan namnet rett og slett betyr “gard”. Sett frå folket på Bø ... side var det naturleg å omtale dei nye gardane som blei rydda som “ved fossen” og “i skogen”.

Leif Skoje



## Det nye styret:

Formann:	Torkel Hytta	tlf.: 350-23150
Nestformann:	Ivar T. Dahl	tlf.: 350-24096
Kasserar:	Torkjell Tjønn	tlf.: 350-24100
Sekretær:	Leif Skoje	tlf.: 350-23011
St.medlem:	Astrid. Nirisrud Våle	tlf.: 350-24920
Styremedlem:	Hans Skeie	tlf.: 350-24896

**Kontaktblad for Hjartdal Historielag blir utgitt av Sekretæren i HHL.  
Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar.  
Det er tillatt å bruke og kopiere stoff frå bladet, men oppgje kjelde!  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.**

Bladet er utforma ved hjelp av EDB-programmet MS-Publisher 2.0